



Advokatfirmaet Kyrre Ans
Postboks 1826 Nordnes
5816 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/1904 - 17/20506

Saksbehandlar:

Marianne Aadland Sandvik

marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.

no

Dato:

20.10.2017

Krav om utsatt iverksetting - GBNR 38/23 - Dispensasjon til vesentleg terrenginngrep og oppføring av mur - Refskar

Advokatfirmaet Kyrre ANS, ved Petter Bøe, har i brev datert 11.10.2017 klaga på vedtak om avslag på søknad om dispensasjon for vesentleg terrenginngrep og oppføring av mur, som vart gjeve administrativt i vedtak datert 19.9.2017, saksnr 246/2017. Bøe ba samstundes om at vedtak om pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt, datert 14.7.2017, saksnr 206/2017, vert gitt utsatt iverksetting til dess klagesaka er ferdig avgjort, jf. forvaltningslova (fvl) § 42.

Hovudregelen for eit forvaltningsvedtak er at det trer i kraft frå det tidspunktet vedtaket er fatta og meldt til vedkommande part. Vedtaket vil då straks kunne gjennomførast. Det følgjer likevel av fvl § 42 første ledd første setning at «*[u]nderinstansen, klageinstans eller annet overordnet organ kan beslutte at vedtak ikke skal iverksettes før klagefristen er ute eller klagen er avgjort.*»

I vedtak datert 14.7.2017, saksnr 206/2017, vart det gitt pålegg om tilbakeføring av terrenginngrep til opphavleg terrengnivå og fjerning av murar. Frist for tilbakeføring vart satt til 31.10.2017. Viss ikkje dei ulovlege tilhøva vert retta innan fristen, vil tvangsmulkt telje frå og med 1.11.2017. Dette vedtaket vart ikkje klaga på og er dermed endeleg avgjort. På bakgrunn av dette finn administrasjonen ikkje grunnlag for å gi utsatt iverksetting etter fvl § 42.

Ei avgjerd om ikkje å gje utsatt iverksetting etter fvl § 42 er ikkje eit enkeltvedtak, men ei prosessledande avgjerd som ikkje kan klagast på.

På bakgrunn av omstende i denne saka vel kommunen likevel å utsette frist for retting til klage på vedtak datert 19.9.2017, saksnr 246/2017, er endeleg avgjort. Eventuelt ny frist for oppfyling vil bli fastsatt når klagesaka er endeleg avgjort. Dette inneber at det ikkje vil telje tvangsmulkt f.o.m 1.11.2017 som fastsatt i vedtak datert 14.7.2017, saksnr 206/2017.

Med helsing

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no

Postboks 79, 5906 Frekhaug

Besøksadr: Havnevegen 41 A

5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no

Telefon +47 56 17 10 00

Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722

Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Per Harald Storli

Råtræet 17

5239

RÅDAL

Mottakere:

Advokatfirmaet Kyrre Ans

Postboks 1826
Nordnes

5816

BERGEN